

Praktiske opplysingar

Kvar finn eg...

- Kirkestuene:** Inngang D i Waisenhuset, det store raude huset rett vest for Nidarosdomen.
- Kapittelhuset:** Ligg på nordsida av høgalteret i domkyrkja, inngang ved containeren...
- Misjonskirken:** Ligg i Arkitekt Christies gate 1C. Gå vestover frå domkyrkja, langs sydsida av Waisenhuset. Kryss Elgeseter gate i fotgjengarfeltet. Det blå huset på hjørnet er synagogen, Misjonskirken ligg rett bak denne.
- Parkeringsplass:** Bak Misjonskirken (berre få plassar, men gratis). Tre av sentrumsskulane (Gerhard Schønings skole, Trondheim katedralskole og Adolf Øiens skole/HiST) har sommarparkering på skuleplassen til kr 50-80 per dag. Elles er det både gateparkering og parkeringshus i grannelaget.
- Næraste buss:** Frå syd stoggar alle bybussar ved Prinsen kinosenter rett ved domkyrkja. Elles er det greiast å stå av på sentrumsterminalen.

Aktivitetar og kursplan

Aktivitetane som står *i kursiv* i tidsplanen på baksida av arket, er ikkje ein del av sjølv kurset, men planen er laga med tanke på at det skal vere råd å ta del i desse. Sjølv kurset er gratis! Liturgiheftet *Tidebønner fra Nidaros, Olsok* (ISBN 978-82-543-1086-1) utgjer kursstoffet, og kjøpast på førehand via web frå <http://www.verbumforlag.no/>, gjennom ein bokhandel, eller i besøkssentret ved Nidarosdomen.

Matpausar

Måltidet den 25. juli syter vi for, men elles er deltakarane sjølv ansvarlege for eiga „foring” i pausane. Det blir i tillegg korte pausar i løpet av øvingane etter som det trengst. Vi vonar vi kan samlast til felles middag ein av dagane. Detaljane om dette kjem på kursopninga. Kvar og éin tek med seg litt mat og drikke til vakenatta, så samlar vi alt til eit spleisemåltid. Basisreiskap som vasskokar, brødkniv og eingangsartiklar syter vi for. Etter Laudes ryddar alle kjellaren i fellesskap, så vert det enklare for dei som skal førebu ottesongen kl. 08 ☺

Kledebon

Kursdeltakarane nyttar kvite, langerma kapper ved tidebønene. Før første olsokvesper må alle ha plukka ut ei høveleg kappe for resten av kurset, og merkt henne med namn. Røynsler tilseier at vi har litt vanskar med å finne kapper til dei aller lengste sangarane, så har du ei slik kappe, ta henne gjerne med. Det kan vere trekkfullt i domkyrkja sjølv om sommaren, så ta med litt meir klede enn det du trur er turvande. Kongeportalen i vestfronten står vanlegvis open heile olsoknatta.

Vakenatta

Vigilien (vakenattsbøna) er delt i fem deler, som syngjast kvar heile time frå kl 01. Kvar del tek om lag 20 minutt, og vert innleia av fløytespel. Dette er ei natt til bøn og ettertanke, så mellom øktene skal det vere mest mogleg ro i kyrkjerommet. Dei som vil prate, kan gå ut på Vestfrontplassen, eller ned i kjellaren under vestskipet, som er vår base for natta. Rundt om i kyrkja er det sett opp bønestasjonar med tekstutdrag. Gå gjerne innom desse stasjonane i løpet av natta. Biblar på ulike språk er også tilgjengelege.

Då står det berre att å seie velkommen til kurs! Ta gjerne kontakt om du lurar på noko.

Helsing Nidaros domkyrkjelyd v/Eli Barstein, tlf. 73 53 84 85 og Leiv Arild Andenes, <http://folk.ntnu.no/laa/tidebon>, e-post tidebonkurs@itea.ntnu.no, tlf. 73 59 18 19/918 97 819.

Timeplan for tidebønkurs 25.-29. juli 2008

Kursleiar: Henrik Ødegaard

<http://folk.ntnu.no/laa/tidebon/>

<http://olavsfestdagene.no/no/Kurs/Olavsofficiet/>

Fredag 25. juli (Jakobsmesse, St. Jakobs dag)

12.15 – 12.30	<i>Kapellet i Erkebispergarden</i>	<i>Middagsbøn</i>
15.00 – 15.45	<i>Nidarosdomen</i>	<i>Høve til å ta del på St. Jakobs-messa</i>
Frå 17.00	Pilegrimsstuene	Registrering, prøving av korkapper
17.30 – 19.00	Pilegrimsstuene	Kursopning og enkelt kveldsmåltid
19.00 – 19.30	Kapittelhuset	Fredagsvesper (vi deltek som kyrkjelyd)
19.30 – 21.30	Kapittelhuset	Øving (små pausar innimellom)

Laurdag 26. juli

10.00 – 12.00	Misjonskirken	Øving (små pausar innimellom)
12.15 – 12.30	<i>Kapellet i Erkebispergarden</i>	<i>Middagsbøn</i>
14.00 – 15.00	Nidarosdomen	Øving
15.15 – 17.00	Misjonskirken	Øving (små pausar innimellom)
17.15 – 18.45	Bakklandet Skydsstation	Reservert lokale for felles middag (fiskesuppe m/brød kr. 145,-)
19.00 – 21.00	Misjonskirken	Øving (små pausar innimellom)

Søndag 27. juli (Sjusovardagen)

13.00 – 16.00	Kapittelhuset	Øving (små pausar innimellom)
16.00 – 17.00	Nidarosdomen	Øving
19.00 – 21.00	Misjonskirken	Øving (små pausar innimellom)

Måndag 28. juli (Olsokaftan)

10.00 – 12.00	Misjonskirken	Øving (små pausar innimellom)
12.15 – 12.30	<i>Kapellet i Erkebispergarden</i>	<i>Middagsbøn</i>
13.00 – 15.00	Misjonskirken	Øving (små pausar innimellom)
16.45 – 17.30	Nidarosdomen, aust	Oppvarming til vesper kl 17.30
17.30 – 18.00	Nidarosdomen, aust	Olsokvesper 1 (kveldssong)
18.00 – 24.00		Førebuing til natta (hugs kvile/søvn)
23.00 – 24.00	<i>Nidarosdomen</i>	<i>Olavsvake-gudsteneste</i>

Tysdag 29. juli (Olsokdagen)

00.30 – 05.30	Nidarosdomen, vest	Olavsvake (vigilie, ein del kvar heile time)
06.00 – 06.30	Nidarosdomen, aust	Laudes (morgonsong)
14.00 – 15.00	Nidarosdomen, vest	Oppvarming til non kl 15
15.00 – 15.30	Nidarosdomen, vest	Non (middagsbøn)
17.30 – 18.00	Nidarosdomen, aust	Oppvarming til vesper kl 18
18.00 – 18.30	Nidarosdomen, aust	Olsokvesper 2 (kveldssong)
20.30 – 21.00	Nidarosdomen, aust	Oppvarming til completorium kl 21
21.00 – 21.30	Nidarosdomen, aust	Completorium (bøn for natta)
22.30 og 0.30	<i>Vestfrontplassen/domkyrkja</i>	<i>Kyrkjeoperaen "Eystein av Nidaros"</i>